



Arkivnr: 2014/11976-2  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		19.03.2014
Fylkesutvalet		27.03.2014

## Omklassifisering av fylkesvegparsell på Søråshøgda i Bergen kommune til kommunal veg

### Samandrag

Etter at det vart etablert ny snuplass for buss ved Søråshøgda skole, rår Statens vegvesen til at resterande del av fylkesvegen, med ei total lengde på omlag 140 meter, vert omklassifisert til kommunal veg.

Statens vegvesen rår i brev av 05.02.2014 til at Fv 180 ved Søråshøgda skole vert omklassifisert til kommunal veg.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at parsell av fylkesveg 108, hp 50 km 0,790-0,930 i Bergen kommune vert omklassifisert til kommunal veg. Dato for overføring vert sett til 01.10.2014.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 06.03.2014**

### **Bakgrunnen for saka**

Etter at det vart etablert ny snuplass for buss ved Søråshøgda skole, rår Statens vegvesen til at resterande del av fylkesvegen, med ei total lengde på omlag 140 meter, vert omklassifisert til kommunal veg. Den gamle endesløyfa vert no i hovudsak nytta som parkeringsplass for tilsette ved Søråshøgda skole.

Statens vegvesen rår i brev av 05.02.2014 til at Fv 180 ved Søråshøgda skole vert omklassifisert til kommunal veg.

### **Merknader frå Bergen kommune**

I uttalen frå Bergen kommune ved Trafikketaten heiter det mellom anna følgjande:

*Når det gjelder status endring mener vi at de siste 150 metrene av Søråshøgda bør nedklassifiseres til privat veg.*

### **Tilråding frå Statens vegvesen**

Tilrådinga om omklassifisering vert sett fram med utgangspunkt i at endesløyfa for buss vart flytta i 2009, og at den aktuelle vegstrekninga idag vert brukt i tilknytning til Søråshøgda skole. Statens vegvesen fastheldt sitt standpunkt og etter uttalen frå Bergen kommune.

Statens vegvesen tilrår til slutt i sitt brev at Fv 180 ved Søråshøgda skole, med ei lengde på omlag 140 meter, vert omklassifisert til kommunal veg.

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen viser til at den omtalte fylkesvegparsellen no har funksjon som lokalveg etter at den nye endesløyfa for buss vart etablert i 2009. Fylkesrådmannen tilrår difor at vegen vert omklassifisert til kommunal veg.